

## **Tildeling av økonomiske verkemiddel til skogbruket i Møre og Romsdal for 2015**

For 2015 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal fått ei ramme til skogkultur, tynning, miljøtiltak o.a. (NMSK) på kr 3.400.000,-. I 2014 var det eit overforbruk på kr 135 000 som må dekkjast inn av årets løyving. Til fordeling i 2015 er det dermed kr 3 265 000.

Ramma til vegbygging og drift i vanskeleg terrenge o.a. som skal administrerast frå fylket utgjer kr 9.200.000,-. Underforbruk frå 2014 på ca kr 100.000 kjem i tillegg.

### **Nærare om tilskot til skogsvegar og drift i vanskeleg terrenge, hest o.a.**

2014 er året vi ser oss som ferdige med opprydding etter orkanen Dagmar. Ein del lærdom etter stormen ligg igjen, og førehandsgodkjennung er noko av det vi vil fortsette med i 2015. I dette ligg det at kommunen gjennomfører ei synfaring for å avgjøre om drifta er i tråd med retningslinjer for tilskottsmidlar, i tillegg til fastsetting av tilskottssats. Søknaden går så vidare til Fylkesmannen som ut i frå ei heilskapsvurdering avgjer om tiltaket får tilskot som anbefalt frå kommunane. Dersom søknaden blir godkjent, blir det set av pengar til tiltaket i ØKS.

For 2015 vert det og høve til søkje om utbetaling av inntil 85 % av søknadsvolum, frå vedlagt produksjonsfil fra hogstmaskin etter avslutta hogst og tømmer ved veg. Dette då FM ynskjer raskare tilbakemelding om aktivitet, og måling og oppgjer kan ta lang tid. Sluttoppgjer mot målenota og volum registrert i virkesdatabasen som tideligare.

Nytt av året er at for driftstilskot opp til 20 000 kr, ligg sakshandsaming og løyvingsmynde hos kommunane. Skjema for førehandsløyving sendast som før til Fylkesmannen for **alle** tilskot, men for tiltak med tilskottssramme under 20 000 kr skal berre sendast inn for ajourføring og føring i ØKS. Tilskottssats for gravedrifter aukast med 15 kr - inntil 40 kr/m<sup>3</sup>, men det er ei viktig presisering at øvste sats berre brukast på dei vanskelegaste partia, og at heile skalaen kan brukast av skogbrukssjef. FM vil følge opp dette gjennom året.

### **For taubane skal alle drifter førehandsgodkjennast av Fylkesmannen som tideligare.**

Det er sett av 4,5 mill. kr. til driftstilskot totalt for 2015 ut i frå erfaringstal frå åra før og tilgjengelig driftsapparat. Opp til 3,8 millionar kan brukast til taubane og 700 000 kr er øyremerka dei andre ordningane.

Når det gjeld tilskot til skogsvegar så vil bilvegar bli prioritert framføre traktorvegar. Det er samtidig viktig at alle søknader blir sendt inn til fylkesmannen slik at vi kan argumentere for auka rammer. Landbruksdirektoratet held også i 2015 igjen 10 mill. kr. sentralt som blir fordelt seinare til fylke som har særskilte behov eller har høg aktivitet. I Møre og Romsdal er det stor aktivitet og prosjekt med meir enn 3 millionar i samla tilskot ligg over frå 2014. Satsane for tilskot til skogbilvegbygging vert derfor i 2015 redusert til 50% av godkjent kostnad. Tilsvarande er satsen for tilskot til bygging av større veganlegg etter hovudplan eller anna kommunal prioritering, redusert til 60%. Det er spesielt viktig at kommunane engasjerer seg for finne dei gode prosjekta som kan løye ut mykje hogstmoden skog. I dei aller fleste tilfella krev det mykje godt rådgjevingsarbeid for å få skogeigarane til å sjå kva for moglegheiter dei har og for å ta dei rette avgjerda. Fordi tilskottssramma er for liten vil prosjekt som løyser ut stor aktivitet på kort sikt bli prioriterte framføre vegar som vil ha størst nytte noko fram i tid.

### **Nærare om NMSK**

Løyvinga til kvar enkelt kommune går fram av eige vedlegg til dette brevet. For tiltak til skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak (jfr. §§ 4, 6 og 8 i forskrift om nærings og miljøtiltak i skogbruket) skal kommunane i nødvendig utstrekking kontrollere at tiltaka er gjennomført i tråd med føresetnadane. Fylkesmannen ser det som nødvendig at kommunane kontrollerer minimum 10 prosent av tiltaka. Det skal i nødvendig grad dokumenterast at kontrollen er

gjennomført, og kva som eventuelt var av merknader. Hugs avkryssing om kontroll er gjennomført i WebSKAS.

Vi ber kommunane ha eit spesielt fokus på forynging og skogeigar sin plikt i medhald av skoglova.

Kommunane har meldt i frå om eit behov for midlar til skogkultur i 2015 på om lag 6,0 mill. kr.. Møre og Romsdal fylke har i år disponibelt 3,265 mill. kr. til same føremål. Differansen mellom innmeldt behov og tilgjengelege midlar er derfor stort. Ved fordeling av midlar til kommunane er først tilskotsnivået justert ned og harmonisert. Vidare er det lagt vekt på gjennomsnittleg forbruk dei fire føregåande år. For kommunar med stor avverkingsauke dei siste åra er det lagt større vekt på innmeldt behov enn for kommunar med jamnare aktivitet kor forbruket tidlegare år er meir vektlagt.

Skal vi få utført behovet for skogkultur i fylket må kommunane setje ned tilskotssatsane. Det bør vidare setjast av meir skogfond ved avverking for å dekkje kostnaden til skogkultur.

Ut over dette har vi lagt til grunn slik prioritering til skogkultur.

- Ungskogpleie og foryngelse har høgast prioritet
- Kostnadsnivå er justert etter snittkostnadene på dei ulike tiltaka, men vi har samstundes sett på regionale forskjellar
- Maks sats for tilskot til markberedning, ungskogpleie og planting etter furu- og lauvhogst er satt til 50 %
- Maks 30 % tilskot til planting etter hogst av gran.
- Justert aktiviteten som kommunane har satt opp etter snitt dei siste åra, vi har likevel sett på trendar, utvikling og satsingar i den enkelte kommune
- Prioritert kommunar som har tilgang på arbeidskraft

Dette er moment vi har lagt til grunn ved fordeling av tilskot til kommunane, men vi understrekar at kommunane står fritt til å bruke sin tildelte ramme innanføre forskriftstypene. Etter samtykke frå kommunane er det halde attende om lag kr 300.000,- hos oss til fordeling i løpet av hausten. Kommunane må søkje om ekstra tildeling av desse midlane innan 1. september. Kommunar som har sett ned tilskotssatsane i tråd med det nemnt over vil bli prioritert.  
(Det vil seie at kommunane ikkje kan operere med 70 % tilskot til alle gode formål, for i ettertid å søkje om ekstraløyving i sept.).

Midlar som kommunen disponerer til nærings- og miljøtiltak i skogbruket kan nyttast til følgjande område:

Miljøtiltak	Skogkultur	Førstegongstynning	Andre tiltak
<b>Forskriftstype</b>	401	406	407
<b>Heimel</b>	01	01	01

#### *Miljøtiltak:*

For forskriftstype 401, miljøtiltak, skal det nyttast skjema SLF-911

#### *Skogkultur:*

For forskriftstype 406 treng vi oversikt over tilskotssatsane til dei ulike skogkulturtiltaka i kommunane. Kommunen må og fastsette ei øvre ramme som dei ønskjer å nytte innanfor forskriftstype 406. Kommunen vil kontinuerleg ha høve til å justere beløpet i løpet av året, men det er viktig at vi får beskjed om dette, slik at det kan korrigeras i ØKS.

**Tilbakemelding om øvre ramme og tilskotssatsar for dei ulike ordningane innan forskriftstype 406 skal sendast Fylkesmannen ved Åslaug Røberg så snart som råd.**

#### *Førstegongstynning:*

Førstegongstynning er eit driftstilskot og skal førast på skjema SLF-917

*Andre tiltak:*

Under forskriftstype 421 kan kommunen gje tilskot til tiltak som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen, for eksempel aksjonsretta skogkulturprosjekt og fellestiltak for auka avvirkning av skogsvirke til bioenergi. Det kan gjelde informasjonstiltak, mobiliseringstiltak, lokale utviklingsprosjekt og kartlegging mm. Det kan ikkje nyttast tilskotsmidlar til å dekke ordinære drifts- og administrasjonskostnader.

Alle naudsynte skjema ligg på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

*Kalender 2015:*

<b>Fristar:</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvar</b>
<b>10. feb. 2015</b>	Fordeling til kommunane	Fylkesmannen
<b>15. mars 2014</b>	Frist for søknad om tilskot til veg, 1. runde	Kommunane
<b>15. august 2015</b>	Frist for søknad om tilskot til veg, 2. runde	Kommunane
<b>1.sept. 2015</b>	Søknad om ekstramidler NMSK	Kommunane
<b>15. nov. 2015</b>	Rapportering av antatt forbruk av NMSK midlar i 2015 og rapportering av behov for NMSK midlar i 2016	Kommunane

Innan utgangen av oktober vil Fylkesmannen vurdere status for utbetaling av tilskot i den einskilde kommune. Dersom det i samråd med kommunen viser seg at det ikkje vil vere behov for deler av den tildelte ramma, vil Fylkesmannen vurdere om ein del av ramma kan trekkjast inn og omfordelast til kommunar som har for lite midlar.

Vi ønskjer kommunane lukke til med forvaltning av midlane i 2014.